

Frekhaug, 21.09.14

Meland kommune
5918 Frekhaug

Merknader til kommuneplanen sin arealdel vedr. g.nr. 12, b.nr. 28 nedre Tveit

Underteikna mottok parsellen som frådelt bustadtomt i 1977, som del av arven frå mine foreldre.

Meland kommune gav løyve til byggjing av einebustad i 1992, men planen blei ikkje realisert.

Kommunen hevdar no at tomten ligg i eit "A-område" for jordbruk og at løyve til byggjing kan gje presedensverknad.

Denne tomten er allerede skilt ut for 37 år sidan og vil derfor ikkje vera med å skapa noko presedens i dag.

Tomten ligg i eit beite på haugar som ikkje er eigna for dyrking og eg vil påstå at området ikkje kan metta meir enn eit par ungdyr maks ei veke i løpet av eit år. Så noko stort tap for jordbruket i området vil det ikkje vera.

Sjølv på fulldyrka mark i området viser det seg at kun gras som vært nådd med forhauster på tørre dagar vært hausta.

Realiteten er at tomten er utskilt og dermed allerede tapt for jordbruket.

Ny vegstubb til tomten vil dessutan vera ein fordel for bonden sin tilkomst til sideliggjande beiteområde.

Som sagt er dette ein betydeleg del av arven frå mine foreldre, som no kommunen har" tatt frå meg". Sjølv om det er mange år sidan, bør kommunen sin politikk vera så forutsigbar at vi som innbyggjarar kan stola på at vedtak som blir gjort blir ståande, så lenge behovet for jordbruksland ikkje er betydeleg auka.

Tallet på bønder har tvert i mot gått betydeleg ned på desse åra og slike små beitelappar har mykje mindre verdi for landbruket i dag enn då tomten blei utskilt.

Dei politiske partia sine program sier at dei vil ta vare på einskild mennesket sine interesser. Eksempel som dette viser at programma sine fine ord ikkje blir etterlevd i praktisk politikk.

Med håp om at Meland kommune endrar sitt standpunkt og gjev løyve til at tomten kan brukast i tråd med vedtak i 1992.

Mvh

Jorunn Irene Tveit

